

Hjartdal kommune

Styre, råd, utval	Møtedato	Saknummer	Sakshandsamar
Formannskapet	28.02.2005	010/05	JS

Saksansvarleg: Jan Sebjørnsen	Arkiv: K2-S11	Arkivnr.: 2005000195
-------------------------------	---------------	----------------------

HØYRINGSUTTALE - HEIMFALL

Dokument i saka:

1. NOU 2004:26 Heimfall
2. Brev fra KS 29.12.04 med sammenfatning av saka med kommentarar og særmerknader frå LO/LVK og KS

Vedlagde dokument:

Dokument nr.

1. Høyringsbrev frå Olje og energidepartementet dagsett 01.03.05

Saksgang:

Formannskapet gjev høyringsuttale i møte 28.02.05

Bakgrunn for saka:

Kommunane er høyringsinstans for NOU 2004:26 Heimfall. Høyringsfristen er 01.03.05.

OLJE OG ENERGIDEPARTEMENTET	
041 1944-122	
DATO - 2 MARS 2005	
AN	EKSP.
521	

Heimfall inneber at kraftanlegg med vassfall, reguleringsanlegg og kraftverk vederlagsfritt vert overført til Staten når konsesjonstida går ut.

Heimfallsordninga skal sikre nasjonal styring og kontroll med vasskraftressursane i eit langsiktig perspektiv. Det skal gje framtidige generasjonar høve til fritt å avgjere korleis desse naturressursane skal nyttast til beste for samfunnet.

Heimfallsutvalet – hovudpunkt i tilrådinga

Heimfall:

Det framgår av mandatet at heimfall skal vidareførast. Utvalet skal gje tilråding om korleis ei framtidig heimfallsordning skal utformast.

Heimfallsvilkår

Fleirtal:

Konsesjonæren får rett til ein eigarandel av det heimfalle anlegget (partiell heimfall) eller andel av det heimfalle anlegget sin marknadsverdi.

Mindretal (LO,LVK,KS):

Primært standpunkt: Nye konsesjonsreglar blir først utløyst ved eigarskifte (transaksjonsmodellen).

Subsidiært standpunkt: Offentlege konsesjonærar som misser konsesjonane sine på heimfallstidspunktet får rett til ein andel av kraftanlegget eller verdien av det.

Konsesjonstid

Fleirtal:

75 år.

Mindretal (LO,LVK,KS):

60 år.

Heimfall innføringsmetode

Fleirtal:

Innføring ved lovtidspunktet

Mindretal (LO,LVK,KS):

Innføring ved eigarskifte (transaksjonsmodellen)

Private konsesjonærar

Fleirtal:

Private får ny konsesjonsperiode på 75 år frå lovtidspunktet.

Mindretal (LO,LVK,KS):

Private konsesjonar vert vidareført uendra.

Fordeling av verdiar ved heimfall

Fleirtal (inkl. LO, LVK, KS):

Inntil ein tredjedel av heimfallsverdien eller andel av kraftverket skal gå til vertskommunen, men ny trappetrinnsmodell skal moderere overføringane til store utbyggjingskommunar.

Det overskytande innanfor tredjedelen skal overførast til ein større region (vertsregion).

Føregripe heimfall

Fleirtal:

Dagens ordning vert vidareført.

Utleige

Fleirtal:

Betring av moglegheitane for utleige av fallrettar og kraftverk.

Private konsesjonsfrie utbyggjingar før 1909 utan heimfall

Desse utbyggjingane er ikkje handsama av heimfallsutvalet med grunngjeving om at det fell utanom mandat.

Heimfallsutvalet har ikkje vurdert forholda til kraftprodusentar med reguleringar før 1909, og grunngjev dette med at det fell utanfor utvalet sitt mandat.

RÅDMANNEN TILRÅR:

Hjartdal kommune gjev følgjande høyringsuttale til NOU 2004: 26 Heimfall:

HEIMFALL – LANGSIKTIG KONTROLL AV DEN VIKTIGASTE NATURRESSURSEN VÅR

Ved utforming av heimfallsordninga må det leggjast avgjerande vekt på å behalde det nasjonale eigarskapet og kontroll med vasskrafta. Dette er viktig for å sikre verdiane og framtidig verdiauke av vasskrafta til beste for det norske folk. Det er og nødvendig for at Noreg framleis kan føre ein nasjonal energipolitikk.

Vasskrafta har store miljøføremonar ved at den ikkje forureinar luft og dermed ikkje medverkar til globale miljøproblem. Miljøkostnadane er i større grad konsentrert om lokale forhold som råkar utbyggjingskommunane og lokalsamfunna direkte. I tillegg til dei nasjonale omsyna, må dette leggjast vekt på ved utforminga av ei framtidig heimfallsordning.

Hjartdal kommune er nøgd med at prinsippet om ei heimfallsordning er lagt til grunn for arbeidet med utforming av nye konsesjonsreglar.

PARTIELT HEIMFALL

Partielt heimfall vil føre til at konsesjonærane får eigedomsrett/råderett over 1/3 av kraftanlegga til evig tid. Dette utholar heimfallsordninga og svekkar den nasjonale styringa av vasskraftressursane. *Det bør difor ikkje innførast partielt heimfall.*

Med dei lange konsesjonstidene det er lagt opp til, vil konsesjonæren kunne få god avkastning på investeringane sine. Overføringar av i form av andelar og/eller kompensasjonar i samband med heimfall, vil truleg vere grunnrente. Det er eit allment syn at grunnrente som følgje av utnytting av knappe naturressursar skal tilfalle samfunnet.

Hjartdal kommune kan ikkje sjå at det skal vere trong for ekstra kompensasjonsordningar til konsesjonærane ved heimfall.

KONSESJONSTID

Ei konsesjonstid på 75 år svært lang tid. Dagens konsesjonsperioder er 60 år, sjølv det og er ein lang periode. Dersom målet er at norsk vasskraft framleis skal vere underlagt nasjonal kontroll, burde ei konsesjonstid på 30 år vere høveleg.

Ei ny heimfallsordning bør difor ikkje leggje til grunn lengre konsesjonsperiodar enn mindretalets tilråding om å vidareføre dagens konsesjonsperiodar på 60 år.

Det er og naturleg å vidareføre dei private konsesjonane slik dei er i dag og ikkje omgjere desse konsesjonane ved å gje dei ny konsesjonsperiode på 75 år frå lovgjevingstidspunktet.

Hjartdal kommune stør mindretalet i heimfallsutvalet som vil ha 60 års konsesjonstid.
Eksisterande konsesjonar for private utbyggjarar må vidareførast uendra.

HEIMFALL – INNFØRINGSMETODE

KS går primært inn for transaksjonsmodellen. For det tilfelle at transaksjonsmodellen ikkje skulle bli vedtatt, går KS inn for at lovtidspunktmodellen kombinerast med rettighetsmodellen. Det er soleis ikkje opplagt at innføring av transaksjonsmodellen isolert sett er den beste dersom målet er å sikre at framtidige generasjonar kan stå fritt i spørsmålet om korleis vassdraga skal disponerast. Vurdering av desse spørsmåla gjennom ny konsesjonshandsaming gjev andre moglegheitar enn ein meir snever revisjon av konsesjonsvilkår.

Dessutan vil det ikkje bli heimfallsverdiar å tildele kommunen eller vertsregionen.

På den andre sida vil eit offentleg eigarskap i seg sjølv vere viktig for å sikre nasjonal kontroll over vasskraftressursane og at Noreg framleis kan føre ein nasjonal energipolitikk.

Fleirtalsframlegget frå heimfallsutvalet om innføring av heimfall frå lovtidspunktet vil svekke insentiva til å oppretthalde det norske eigarskapet. Endringane kan føre til salspress, det kan raskt bli store endringar i eigarskapet med omfattande privatisering og utanlandske eigarar.

Men kva vil større utanlandsk kontroll over den norske kraftproduksjonen medføre, t.d. i lys av den situasjonen vi har på kraftmarknaden i dag, og slik vi ser energibalansen framover? Oppdekningsplikta vart fjerna ved innføring av energilova, denne er ikkje lenger noko verkemiddel norske styresmakter kan bruke ved ei kraftkrise.

Eit større utanlandsk eigarskap eller ei privatisering av kraftforsyninga vil kunne få verknadar for kraftoppdekning, krafteksport, korleis kraftverka og reguleringsmagasina vil bli køyrt, prisutvikling, beredskap o.s.b. Medan innføring av konsesjonar og heimfall i si tid hadde som føremål å hindre utanlandsk kontroll, kan fleirtalstilrådingane i heimfallsutvalet gå motsette vegen ved å leggje til rette for utanlandske oppkjøp.

Transaksjonsmodellen vil i langt større grad leggje til rette for eit framtidig offentleg eigarskap, som både på kort og lang sikt sikrar nasjonal styring av vasskraftressursane.

Vurdert i eit slikt perspektiv står Hjartdal kommune mindretallsframlegget om innføring av ny heimfallsordning gjennom transaksjonsmodellen.

FORDELING AV HEIMFALLSVERDIAR TIL KOMMUNAR OG VERTSREGIONAR

Heimfallsutvalet har gjort framlegg om å endre reglane for kor stor del av heimfallsverdiane som skal tilbakeførast til vertskommunane. Den nye modellen inneber at dei store kraftkommunane får ein mykje lågare andel av heimfallsverdiane, på den andre sida vert heimfallet sterkt utvida.

Dette bør vere eit sterkt argument for å tildele vertsregionen det kommunane går glipp av ved bruk av trappetrinnsmodellen. Eit viktig diskusjonstema vert korleis ein skal avgrense regionomgrepet. Grunngevinga for tildeling av heimfallsverdiar er at naturressursane er det naturlege næringsgrunnlaget i distrikta, og at vasskraftressursane er ein av dei viktigaste naturressursane. Ut frå dette må dei regionane som skal få tildeling av heimfallsverdiane, avgrensast til dei område der vasskraftressursane vert nytta til kraftproduksjon. I ein slik samanheng er noverande fylker meir dekkande enn store landsdelsregionar.

Hjartdal kommune er samd i at vertsregionane får tildelt dei overskytande heimfallsverdiane som kommunane ikkje får grunna trappetrinnsmodellen.

Regionomgrepet må fastsetjast slik at verdiane kjem dei distrikt der vasskraftressursane vert utnytta til gode.

FØREGRIPE HEIMFALL OG UMLEIGE

Dette er ordningar som kan medverke til effektiv forvaltning av kraftressursane, og som bør innarbeidast i dei nye konsesjonsreglane.

Hjartdal kommune stør framlegga om vidareføring av ordningane med føregripe heimfall og betre moglegheitar for utleige av fallrettar og kraftverk.

KONSESJONSFRIE UTBYGGJINGAR FØR 1909

Dette er utbyggjingar som miljømessig er svært harde for dei som bur og lever i nærområdet, samstundes som kraftutbyggjarane har svært gode, nærast urimeleg gode vilkår. Det er omtrent komplett umogeleg å få gjort forbetringar knytt til den delen av utbyggjingane som skriv seg før 1909, både på miljøside og i høve til lokalsamfunnet sin økonomiske kompensasjon som nesten er å rekne som ingenting samanlikna med seinare utbyggjingar av tilsvarande storleik.

Før 1909 var det ennå ikkje lagt til staten å avgjera korleis Noreg sine naturressursar i vassdraga skulle kunne nyttast. Difor er det feil å seie at utbyggjarar før denne tid er "uten tidsbegrensing". Det som er rett, er at konsesjonsstyremaktene ikkje på bindande måte, eller for all tid, har teke standpunkt til spørsmålet om tidsavgrensing. Dersom ny lovgjeving gjev heimel for konsesjonsstyremaktene til å krevja konsesjon for alle vassdragsreguleringar, og til å setja tidsgrenseer for einkvar reguleringskonsesjon, må slik lovgjeving også verta gjeldande for utbyggjingar før 1909, som for alle andre i det norske samfunnet. Korkje Grunnlova §§97 eller 105 kan vera til hinder for dette; nye lovar har gjennom 1900-talet med godkjenning frå domstolane gjort langt større inngrep i dei private rettane enn dette ville vera. Så lenge staten ikkje tek rettane frå regulantane, men nyttar sin konsesjonsutdelingsrett til å syte for ei samfunnsmessig forsvarleg og rettferdig bruk av ressursane, er dette ikkje urimeleg tilbakevirking og vil ikkje vera i strid med Grunnlova.

Det er ein mangel i heimfallsutvalet si utgreiing at dei konsesjonsfrie utbyggjingane for 1909 ikkje er vurdert. Ein hovudpremiss for framlegga til utforming av ny heimfallsordning er likebehandling av aktørane i kraftmarknaden. Her er ei stor forskjellsbehandling som vert oppretthalden og som må vurderast i høve til EØS-avtala. Dette problemet vart teke opp m.a. på heimfallsseminaret i Oslo 20.01.05 i føredraget: "EØS-avtalens betydning for regler om hjemfall (v/advokat Simonsen)". Det vart her sagt at nettopp desse konsesjonsfrie utbyggjingane før 1909 må omfattast av heimfallsordninga for å oppfylle EØS-avtala/ESAs krav om likehandsaming.

Hjartdal kommune krev at fei konsesjonssfrie utbyggjingane før 1909 må omfattast heimfallsreglane.

EØS – AVTALA OG ESA

Det er framleis mange usikre spørsmål knytt til kva handlingsrom styresmaktene har i høve til EØS-avtala og ESA ved utforming av ny heimfallsordning. Her må det nærare avklaringar til.

Hjartdal kommune bed staten syte for ei klårgjering av kva avgrensingar EØS-avtala og ESA legg på utforminga av ei ny heimfallsordning.

28.02.2005 Formannskapet

FOR-010/05 VEDTAK:

Hjartdal kommune gjev følgjande høyringsuttale til NOU 2004: 26 Heimfall:

HEIMFALL – LANGSIKTIG KONTROLL AV DEN VIKTIGASTE NATURRESSURSEN VÅR

Ved utforming av heimfallsordninga må det leggjast avgjerande vekt på å behalde det nasjonale eigarskapet og kontroll med vasskrafta. Dette er viktig for å sikre verdiane og framtidig verdiauke av vasskrafta til beste for det norske folk. Det er og nødvendig for at Noreg framleis kan føre ein nasjonal energipolitikk.

Vasskrafta har store miljøføremonar ved at den ikkje forureinar luft og dermed ikkje medverkar til globale miljøproblem. Miljøkostnadane er i større grad konsentrert om lokale forhold som rårar utbyggjingskommunane og lokalsamfunna direkte. I tillegg til dei nasjonale omsyna, må dette leggjast vekt på ved utforminga av ei framtidig heimfallsordning.

Hjartdal kommune er nøgd med at prinsippet om ei heimfallsordning er lagt til grunn for arbeidet med utforming av nye konsesjonsreglar.

PARTIELT HEIMFALL

Partielt heimfall vil føre til at konsesjonærene får eigedomsrett/råderett over 1/3 av kraftanlegga til evig tid. Dette utholar heimfallsordninga og svekkar den nasjonale styringa av vasskraftressursane. *Det bør difor ikkje innførast partielt heimfall.*

Med dei lange konsesjonstidene det er lagt opp til, vil konsesjonæren kunne få god avkastning på investeringane sine. Overføringar av i form av andelar og/eller kompensasjonar i samband med heimfall, vil truleg vere grunnrente. Det er eit allment syn at grunnrente som følgje av utnytting av knappe naturressursar skal tilfalle samfunnet.

Hjartdal kommune kan ikkje sjå at det skal vere trong for ekstra kompensasjonsordningar til konsesjonærene ved heimfall.

KONSESJONSTID

Ei konsesjonstid på 75 år svært lang tid. Dagens konsesjonsperioder er 60 år, sjølv det og er ein lang periode. Dersom målet er at norsk vasskraft framleis skal vere underlagt nasjonal kontroll, burde ei konsesjonstid på 30 år vere høveleg. Ei ny heimfallsordning bør difor ikkje leggje til grunn lengre konsesjonsperiodar enn mindretalets tilråding om å vidareføre dagens konsesjonsperiodar på 60 år.

Det er og naturleg å vidareføre dei private konsesjonane slik dei er i dag og ikkje omgjere desse konsesjonane ved å gje dei ny konsesjonsperiode på 75 år frå lovgjevingstidspunktet.

*Hjartdal kommune stør mindretalet i heimfallsutvalet som vil ha 60 års konsesjonstid.
Eksisterande konsesjonar for private utbyggjarar må vidareførast uendra.*

HEIMFALL – INNFØRINGSMETODE

KS går primært inn for transaksjonsmodellen. For det tilfelle at transaksjonsmodellen ikkje skulle bli vedtatt, går KS inn for at lovtidspunktmodellen kombinerast med rettighetsmodellen. Det er soleis ikkje opplagt at innføring av transaksjonsmodellen isolert sett er den beste dersom målet er å sikre at framtidige generasjonar kan stå fritt i spørsmålet om korleis vassdraga skal disponerast. Vurdering av desse spørsmåla gjennom ny konsesjonshandsaming gjev andre moglegheit ar enn ein meir snever revisjon av konsesjonsvilkår.

Dessutan vil det ikkje bli heimfallsverdiar å tildele kommunen eller vertsregionen.

På den andre sida vil eit offentleg eigarskap i seg sjølv vere viktig for å sikre nasjonal kontroll over vasskraftressursane og at Noreg framleis kan føre ein nasjonal energipolitikk.

Fleirtalsframlegget frå heimfallsutvalet om innføring av heimfall frå lovtidspunktet vil svekke insentiva til å oppretthalde det norske eigarskapet. Endringane kan føre til salspress, det kan raskt bli store endringar i eigarskapet med omfattande privatisering og utanlandske eigarar.

Men kva vil større utanlandsk kontroll over den norske kraftproduksjonen medføre, t.d. i lys av den situasjonen vi har på kraftmarknaden i dag, og slik vi ser energibalansen framover? Oppdeckningsplikta vart fjerna ved innføring av energilova, denne er ikkje lenger noko verkemiddel norske styresmakter kan bruke ved ei kraftkrise.

Eit større utanlandsk eigarskap eller ei privatisering av kraftforsyninga vil kunne få verknadar for kraftoppdekning, krafteksport, korleis kraftverka og reguleringsmagasina vil bli køyrt, prisutvikling, beredskap o.s.b. Medan innføring av konsesjonar og heimfall i si tid hadde som føremål å hindre utanlandsk kontroll, kan fleirtalstilrådingane i heimfallsutvalet gå motsette vegen ved å leggje til rette for utanlandske oppkjøp.

Transaksjonsmodellen vil i langt større grad leggje til rette for eit framtidig offentleg eigarskap, som både på kort og lang sikt sikrar nasjonal styring av vasskraftressursane.

Vurdert i eit slikt perspektiv stør Hjartdal kommune mindretallsframlegget om innføring av ny heimfallsordning gjennom transaksjonsmodellen.

FORDELING AV HEIMFALLSVERDIAR TIL KOMMUNAR OG VERTSREGIONAR

Heimfallsutvalet har gjort framlegg om å endre reglane for kor stor del av heimfallsverdiane som skal tilbakeførast til vertskommunane. Den nye modellen inneber at dei store kraftkommunane får ein mykje lågare andel av heimfallsverdiane, på den andre sida vert heimfallet sterkt utvida.

Dette bør vere eit sterkt argument for å tildele vertsregionen det kommunane går glipp av ved bruk av trappetrinnsmodellen. Eit viktig diskusjonstema vert korleis ein skal avgrense regionomgrepet. Grunngevinga for tildeling av heimfallsverdiar er at naturressursane er det

naturlege næringsgrunnlaget i distrikta, og at vasskraftressursane er ein av dei viktigaste naturressursane. Ut frå dette må dei regionane som skal få tildeling av heimfallsverdiane, avgrensast til dei område der vasskraftressursane vert nytta til kraftproduksjon. I ein slik samanheng er noverande fylker meir dekkande enn store landsdelsregionar.

Hjartdal kommune er samd i at vertsregionane får tildelt dei overskytande heimfallsverdiane som kommunane ikkje får grunna trappetrinnsmodellen.

Regionomgrepet må fastsetjast slik at verdiane kjem dei distrikt der vasskraftressursane vert utnytta til gode.

FØREGRIPE HEIMFALL OG UTLEIGE

Dette er ordningar som kan medverke til effektiv forvaltning av kraftressursane, og som bør innarbeidast i dei nye konsesjonsreglane.

Hjartdal kommune stør framlegga om vidareføring av ordningane med føregripe heimfall og betre mogleghetar for utleige av fallrettar og kraftverk.

KONSESJONSFRIE UTBYGGJINGAR FØR 1909

Dette er utbyggjingar som miljømessig er svært harde for dei som bur og lever i nærområdet, samstundes som kraftutbyggjarane har svært gode, nærast urimeleg gode vilkår. Det er omtrent komplett umogeleg å få gjort forbetringar knytt til den delen av utbyggjingane som skriv seg før 1909, både på miljørada og i høve til lokalsamfunnet sin økonomiske kompensasjon som nesten er å rekne som ingenting samanlikna med seinare utbyggjingar av tilsvarande storleik

Før 1909 var det ennå ikkje lagt til staten å avgjera korleis Noreg sine naturressursar i vassdraga skulle kunne nyttast. Difor er det feil å seie at utbyggjarar før denne tid er "uten tidsbegrensing". Det som er rett, er at konsesjonsstyremaktene ikkje på bindande måte, eller for all tid, har teke standpunkt til spørsmålet om tidsavgrensing. Dersom ny lovgjeving gjev heimel for konsesjonsstyremaktene til å krevja konsesjon for alle vassdragsreguleringar, og til å setja tidsgrenseer for einkvar reguleringskonsesjon, må slik lovgjeving også verta gjeldande for utbyggjingar før 1909, som for alle andre i det norske samfunnet. Korkje grunnlova §§97 eller 105 kan vera til hinder for dette; nye lovar har gjennom 1900-talet med godkjenning frå domstolane gjort langt større inngrep i dei private rettane enn dette ville vera. Så lenge staten ikkje tek rettane frå regulantane, men nyttar sin konsesjonsutdelingsrett til å syte for ei samfunnsmessig forsvarleg og rettferdig bruk av ressursane, er dette ikkje urimeleg tilbakeverking og vil ikkje vera i strid med Grunnlova.

Det er ein mangel i heimfallsutvalet si utgreiing at dei konsesjonsfrie utbyggjingane for 1909 ikkje er vurdert. Ein hovudpremiss for framlegga til utforming av ny heimfallsordning er likebehandling av aktørane i kraftmarknaden. Her er ei stor forskjellsbehandling som vert oppretthalden og som må vurderast i høve til EØS-avtala. Dette problemet vart teke opp m.a. på heimfallsseminaret i Oslo 20.01.05 i føredraget: "EØS-avtalens betydning for regler om heimfall (v/advokat Simonsen)". Det vart her sagt at nettopp desse konsesjonsfrie utbyggjingane før 1909 må omfattast av heimfallsordninga for å oppfylle EØS-avtala/ESAs krav om likehandsaming.

Hjartdal kommune krev at dei konsesjonssfrie utbyggjingane før 1909 må omfattast heimfallsreglane.

EØS – AVTALA OG ESA

Det er framleis mange usikre spørsmål knytt til kva handlingsrom styresmaktene har i høve til EØS-avtala og ESA ved utforming av ny heimfallsordning. Her må det nærare avklaringar til.

Hjartdal kommune bed staten syte for ei klårgjering av kva avgrensingar EØS-avtala og ESA legg på utforminga av ei ny heimfallsordning.

Vedtaket var samrøystes.

Rett utskrift: 1/3-05
Ingeljorg Handværk
siter.

Utskrift til:

- Olje- og Energidepartementet,
Einar Gerhardsens plass 1, 0180 Oslo